

HORDALAND UNGDOMSLAG

# 70. HORDASTEMNA

*i Uskedalen laurdag 10. og sundag 11. juni 1967*

Aksidenstrykkeriet — Husnes

## Arbeidsutval og kjennemerke

| | | |
|---|---|---|
| Formann i hovednemnda: | Bjørgulv Eik | Raud/kvit rosett |
| Formann i stemneplassnemnda: | Arne Rød | Grøn/kvit rosett |
| Formann i innkvarterings- og opplysningsnemnda: | Gunvald Friheim | Grøn rosett |
| Formann i matnemnda: | Solveig Haugland | Blå rosett |
| Formann i utsalsnemnda: | Kåre T. Rød | Blå/kvit rosett |
| Formann i ordensnemnda: | Øystein Rød | Kvit rosett |
| Formann i billettnemnda: | Aslaug Sunde | Raud rosett |

Medlemene av dei ymse nemndene ber band i same farge som nemndformannen sin rosett.

A.S USKEDAL HANDELSFORRETNING

Telefon 7296

USKEDALEN

**Jacobine Haugland's Eftf.**

Telefon 7179 - Uskedalen

*Manufaktur - Kolonial - Steintøy - Gaveartiklar*

Uskedalen Gjestgiveri

Telefon 7298

Uskedalen

**KVINNHERAD BYGGJEFORRETNING**

*Sigurd Wang*

Uskedalen - Tlf. 7303

# PROGRAM

## Leikstemna laurdag 10. juni

Kl. 19.30: Opning
Helsingstale ved ordføraren i Kvinnherad, Berge Sæberg
Føremæle ved Kåre Sandvik
Lydarslåttar på hardingfele — Lars Skjervheim
Uskedal Musikklag
Spelstykket «Fredlaus» av Harald Smith-Novik, framsynt av Uskedal Ungdomslag
Leikarringar frå ymse lag i fylket syner fram songdansar, ringdansar og pardansar

Kl. 23.00: Leik og gammal dans for alle i ungdomshuset Helgheim
Musikk: Voss spelmannslag

Kl. 23.00: Dans i Samfunnshuset i Rosendal
Trekkspeltrio

## Sundag 11. juni

Kl. 10.30: Stemnegudsteneste i Uskedal kyrkje ved res. kap. Olav Seim
Uskedal Mannskvartett

HOVEDSTEMNA PÅ STEMNEPLASSEN

Kl. 13.30: Folketog frå skulehuset til stemnestaden
Rosendal Songlag
Uskedal Musikklag
Forfattaren Kåre Holt talar
Lydarslåttar på hardingfele
Leikframsyning
Spelstykket «Riborgia — mi Rosenborg» av Erling Moen, framsynt av Uskedal Ungdomslag.

*Hordaland Ungdomslag* *Uskedal Ungdomslag*

# DOBBEL GLEDE AV SPAREPENGANE

**i Den norske Creditbank**

Spar jamt ei viss tid — og De kan låna ein tilsvarande sum
— uten å stilla trygd.

**Kupongsparing gjev lånerett, lån til kva De vil
— uten å stilla trygd.**

LØNSKONTO hjå oss kan kombinerast med kupongsparing.

*Kom innom, og vi vil gi Dykk nærare opplysningar.*

**Den norske Creditbank**
Husnes



## Velkommen til hyggjeleg handel i våre forretningar

Kvinnherad Samyrkelag



## Uskedal Trelastlager

Uskedalen - Tlf. 7320 og 7321

*Alt i trelast og bygningsartiklar*

## Salmar

Himmel-Ande, kom med nåde, Kom med ljos og liv og fred! Du med guddomsvelde råde, Kjærleiks kraft lat strøyma ned! Livsens ord du oss må tyda, So det gjer si gjerning god, Og me glade det kann lyda, Fyll vår sjel med heilag glod!

Herre Krist, me deg vil beda: Kom med lækjedom og liv! Kom til oss i sorg og gleda Og din fred oss alle giv! Kom til alle hjarto såra, Som på syndebyrdi ber, Tak burt synder, sorg og tåra, Kom med fred til kvar iser!

Høyr oss, Fader, Son og Ande, Du som hev oss alle kjær, Fri oss ut or synd og vande, Ver oss no i nåde nær! Kom til gamle, kom til unge, Kvar ei sjel gjer sterk og glad, So me syng med glod på tunge: Herren er på denne stad.

---

Gud er kjærleik. Sjå, han sende Oss til Frelsar Sonen sin. Han vår låke lagnad vende, Viste veg til himmels inn. Kristus vann den fulle siger, Sjeler upp til himmels stiger, Blenkjande som dogg på strå, Alle med Guds bilet på.

Kristus reiste oss or fallet, Dauden kverv som natt og sky. Gud skal verta alt i alle, Heimen vår skal verta ny. Folk som syskin alle stader Flokka skal seg um Gud Fader: D'er ein hyrding og ei hjord. Hugs det er hans eigne ord!

Gud er kjærleik. Æra, æra Vere han i himmel-sal! Gud er kjærleik. Lat det vera trøysti i vårt jordlivsdal! Lat oss syngja høgt dei ordi: Frygd i himlen, fred på jordi, Hugnad hjå all manne-ætt, Folki hev sin Frelsar set!

---

Når syndaren rett ser sin våde, Og angrande han bed og trår, Og Jesus kjem og legg sin nåde Med miskunn på hans hjartesår, Då sloknar sorgi, han fær fred, Og storleg han i Gud seg gled.

Kjem Jesus Kristus inn i huset, Og hans den sæle helsings fred Fær alle hjarto gjennomsuse Og trengt seg djupt i sjeli ned, Då vert det stilt og ljost og mildt, Då einast det som fyrr var skilt.

Kjem Jesus Kristus inn i landet Og fangar folket med si makt Og fyller hjarto med sin ande, Og folket gjer med honom pakt, Då skal vel livet hugsamt gro I Herrens fred og stille ro!

Då ljosnar landet utan like, Då veks eit fagert folkeliv, Eit sant og elskeleg Guds rike Hjå små og store, mann og viv, Og himmel-von og kjæreik gror Alt ved Guds Ande, dåp og ord.

---

Jesus, eg er ein syndig mann, Kan utan deg ikkje liva. Fåfengt eg leita, ingen fann Som kunde livet meg giva. Då kom du, Jesus, til meg inn, Gjesta og meg med nåden din, Lyste din fred i mitt hjarta.

Sælt er det hus der du stig inn, Huset der fred du fær lysa! Sæl er den syndar som deg finn Og vil i hjarta deg hysa! Sæl den som fagnar deg i tru Der vil du ganga inn og bu Der vil din nattverd du halda

Takk då, min Frelsar, at du kom Og vilde inn til meg stiga Og i mitt myrke hjarterom Lata ein solstråle siga! Takk, at du vegen til meg fann Og vilde gjesta syndig mann! Deg vere lov i all æva!

---

Drag då alle som hev falle, Drag dei redde til deg inn! Dauden vike for ditt rike Rundt på jord ved Anden din! Før oss fram på livsens leider, Før oss inn til livsens heider!

---

Leid, milde ljos, igjennom skoddeeim, Leid du meg fram! Eg gjeng i myrke natt langt frå min heim. Leid du meg fram! Før du min fot, eg treng ei sjå min veg So langt og vidt, eitt steg er nok åt meg.

Du veit det vel, eg bad ei alltid so: Leid du meg fram! Eg vilde velja sjølv min veg, men no Leid du meg fram. Eg vilde liva vilt, var stolt og strid Og stor i mod, — å, gløym den dårskaps tid.

## Songar

Fagert er landet du oss gav, Herre vår Gud og vår Fader! Fagert det stig av blåe hav, Soli ho sprett og ho glader, Signar vårt land i nord og sud, Soleis di åsyn lyser, Gud, Yver vårt Noreg i nåde.

Likjest vårt folk i mager jord Skjelvande blomen på bøen, Stend utan livd i vind frå nord Tett innmed kanten av snøen. Herre, du ser med miskunn ned, Folket vårt gjev du livd og fred, Er oss so kjærleg ein fader.

Her ned i grunnen sveiten rann Trufast åt fedrene våre, Her dei sin heim og hugnad fann Dogga med smil og med tåre. Her hev det fløtt ei såkornflod Varm av vårt beste hjarteblod, Her hev me grorbotn å veksa!

Tidi ho renn som elv mot os. Fort skifter sumar med vetter. Fader, ver alltid Noregs l os Radt til dei seinaste ætter! Herre vår Gud, vårt Noregs Gud, Varda vårt land frå fjell til flud, Lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land, Signa vårt strev og vår møda, Signa kvar ærleg arbeidshand, Signa vår åker med grøda! Gud, utan deg den vesle urt Veiknar og visnar, bleiknar burt, Ver du oss ljoset og livet!

---

At far min kunde gjera Det gilde han hev gjort, og fram i livet bera so mykje gjævt og stort, Det var frå dag til annan For meg so god ei stød: Stor arv det er for mannen Av godtfolk vera fødd.

Slik kar var aldri funnen So langt som soga veit. Og ordet flaug frå munnen So godt som sverdet beit. Du høyrde'n aldri mala I klynk um sine kår. Den guten kunde tala Med skjemt um sine sår.

Han lærde franskmenn fikta Og finna riddarverd, Og engelskmannen dikta Og hava sjøen kjær, Og fremst han stod i lina, Og rett han stelte den. Frå Skottland til Messina Han skapte styresmenn.

Min store fader døydde — Sjå det me alle må —. Og arven burt dei øydde. Men sumt eg att kan få. Her gjeng eg stundom sliten, Og leitar etter ord! Skal tru eg er so liten For det han var så stor?

Men graset gror på bøen, Og korn på gammal vis, Og enno gamle sjøen Er like fri for is. Vår' fjell er like håge Og lufti like blå, So enno like fjåge Me fram kan stemna på.

---

Millom bakkar og berg utmed havet Heve nordmannen fenge sin heim, Der han sjølv heve tuftene grave Og sett sjølv sine hus uppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender, Det var ingen som der hadde bygt. «Lat oss rydja og byggja oss grender, Og so eiga me rudningen trygt».

Han såg ut på det bårute havet, Der var ruskut å leggja ut på, Men der leikade fisk nedi kavet, Og den leiken, den vilde han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte: Gjev eg var i eit varmare land! Men når vårsol i bakkane blenkte, fekk han hug til si heimlege strand.

Og når lidene grønka som hagar, Når det laver av blomar på strå, og når netter er ljose som dagar, kan han ingen stad venare sjå.

---

Kunnskap skal styra rike og land, Og yrke skal båten bera, Og ingen må vera ein styresmann Som ikkje ein mann kan vera.

Vår jord skal odlast og dyrkast på Av sterke og harde hender, So gutar kan føda og klæde få Og veksa til sterke menner.

All æra må liggja i ærleg strev Og beda i sannings tempel. Og den som av Gud fekk sitt adels-brev, Han treng ikkje kongens stempel.

---

Det dagast i Noreg med sol på tind Og glitrar av gull i sky. I dalane leikar ein morgonvind Og kviskrar um tidi ny.

Og ungdomen vaknar so frisk i hug, Mot høgdi han set sin kos, Han adlar sin vilje i arbeidsdug, Som nørest i livsens ljos.

Til arbeids han gjeng som det var til fest, Med bøn for sin fagre heim Og alt utav troll-slekt seg baud til gjest, Det kverv som ein kulde-eim.

Snart kjem det ein sol-fest med song og slått, Skal spyrjast so vide ut: Då jagar me trolli med sigers-lått Og brising på høge nut.

---

Gud signe Noregs land, Kvar heim, kvar dal og strand, Kvar lund og lid! Han lat' det aldri døy, Han verje bygd og øy, Han verje mann og møy Til ævleg tid.

Me fekk det høgt og fritt, Me fekk det vent og vidt Med hav og fjell Det stend so trygt og godt, Det stend so reint og blått, Rett som eit gudeslott Med solskinstjeld.

I kjærleik varm og mild Me legg vår vilje til, Då veks det fram. Då fær det bløma blidt, Då fær det spyrjast vidt Og alltid standa fritt For naud og skam.

Hugs kaffistovene våre:

## L.L Kaffistova Løvstakken

Fjøsangerv. 30, Bergen

*Sognalaget i Bergen*
*Hordaland Ungdomslag*

## Arnastova L.L

Indre Arna

*Hordaland Ungdomslag*
*Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen*
*Vestlandske Mållag*

BRØDR. HJØNNEVÅG

Uskedalen - telefon 7204

*Fiskebilrute Utåker—Løfallstrand*

Kvinnherad Målarforretning

Uskedalen - telefon 7241

*Spesialforretning*

*Måling - tapet - golvbelegg - kostar m. m.*

M. Myklebust

*Inneh. H. Nilsen*

*USKEDALEN TLF. 7237*

BJØRN MYKLEBUST

Uskedalen - telefon 7233

Blomar — Brudebukettar

Gartneri og binderi

**Sunde Kjøtt & Delikatesse**

Sunde i Shl. - telefon 5241

**Dei beste kjøt- og pølsevarer får De hjå fagmannen**

**Gunnar Røsseland**

**Entreprenørforretning**

Husnes - telefon 5205 - 5206

## Kafè Anker

Uskedalen - telefon 7146

*Varme smårettar og smørbrød*
*Varme pølser — Softice*

## OLAV STEINSLETTEN

USKEDALEN

*Alt arbeid for utgraving - Transport*
*Levering av sand, grus og stein*
*Vegbygging og grøfting utføres*

## Solheim Turiststasjon

Uskedalen - Tlf. 7139

*Varmt og kaldt vatn på roma*
*Drosje - Mobil bensinstasjon*

## Kvinnherad Røyrleggjarforretning

Torvald Sunde

Telefon 7214 - Uskedalen

*Varme - Sanitær - Pumpeanlegg*

## KAPTEINSGÅRDEN PENSJONAT

*Inger Koren Dahl*

Uskedalen - telefon 7137

## A/S Eidsvik Skipsbyggeri

Uskedalen - Telefon 7150

*Nybygg og reparasjoner av fiskefartøyer*



# KAFFISTOVA TIL ERVINGEN

*ER STADEN DER DU MØTER KJENDE*

KVINNHERAD GJENSID. BRANDFORSIKRING

K G B

SKIPA 1870

*Eigne fonds 2,2 mill.*

I samarbeid med SAMTRYGD dekker vi alt
i skadetrygding

*Auto - Kombinerte trygdingar - Hypotek*

## Styret i Hordaland Ungdomslag

| | |
|---|---|
| Formann: | Bjarne Melve, Voss |
| Varaformann: | Per Tautra, Fjell |
| Skrivar: | Lars Jørdre, Voss |
| Kassastyrar: | Endre Tjelmeland, Etne |
| Styresmenn: | Arne Villanger, Villanger |
| | Odd Nakken, Ole Irgensvei 38, Bergen |
| | Peder Mellingen, Nyborg i Åsane |
| Studieleiar: | Magne Samnøy, Helgesensgt. 3, Bergen |
| Teaterrådgjevar: | Arne Gloppestad, Tysnes |
| Leikrådgjevar: | Egil Bakka, Nygårdsgt. 33, Bergen |

# BANK I VEKST










**VESTLANDSBANKEN**
BERGEN

**Arna Privatbank**
Ytre Arna - Indre Arna

**Vestlandsbanken**
Filial Florø

**Vestlandsbanken**
Filial Eikeviken

**Askøybanken**
Kleppestø - Ask - Follesø

**Landåsbanken**
Natlandsvei 86 - Bergen

**Vestlandsbanken**
Filial Paradis - Paradis

**Sunnhordlandsbanken**
Stord

**Vestlandsbanken**
Filial Busstasjonen - Bergen

**Vestlandsbanken**
Filial Smiberget - Fyllingsdalen

# Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen L/L

*Hotell Hordaheimen og Hordastova*
C. Sundtsgt. 18 - Tlf. 32320

*Kaffistova*
Torget 1 - Telefon 12210

*Isbaren «Snorre»*
*Møtehuset «Fensal»*
Kong Oscarsgt. 15 - 32118

*Administrasjonskontor*
Cort Piilsm. 7 - Tlf. 31067

# Kvinnherad Sparebank

**STØRSTE BANKEN I**

**SUNNHORDLAND**

**HOVUDKOTOR:**

**ROSENDAL**

**UNDERKONTOR:**

*Hatlestrand - Husnes - Mauranger*
*Sunde - Uskedalen - Ølve*